



Høgskulen
på Vestlandet

SAMSPEL
BEREKRAFT
NYSKAPING

Styresaker utdanning

Oktober 2022

Prorektor utdanning Anne-Grethe Naustdal
Styremøte 26. og 27.oktober 2022
Bergen



VEDTAKSSAKER

Søknad om etablering av Master i avansert datateknologi og ingeniørvitenskap

Søknad om utredningstillatelse for felles masterprogram Drama.site -Theatre and drama in educational, social and community sites(120 sp)

Søknad om utgreiingsløyve nytt studieprogram -master i medisinsk laboratorieteknologi

Søknad om utgreiing av master i idrettsfysioterapi

Nedlegging av studieprogrammet Master i samfunnsarbeid ved Fakultet for helse-og sosialvitenskap

Nedlegging av studieprogram over 60 sp ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Søknad om nedlegging av bachelor i ingeniørfag, HMS


Forlenget sensurfrist -nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi

Forlenget sensurfrist -nasjonal deleksamen i rettsanvendelse for barnevernfaglige mastere

Forlenget sensurfrist -nasjonal deleksamen i matematikk


Utvida sensurfrist -KAS500 Avansert allmennsjukepleie til pasientar med akutte og kritiske helseproblem

ETABLERING AV MASTER I ANVENDT DATATEKNOLOGI OG INGENIØRVITSKAP



- › Heiltidsprogram med normert studietid på 2 år
- › Oppstart hausten 2023 – årleg opptak
- › To studieretningar:
 - Datavitskapleg studieretning
 - Ingeniørvitskapleg studieretning (sivilingeniør)
- › Ei klasse på 20 studentar på tvers av to campus; Førde og Bergen
- › Solide fagmiljø på begge campusane
- › Undervising på campus og hybride og digitale læringsaktivitetar på tvers av campusane

ETABLERING AV MASTER I ANVENDT DATATEKNOLOGI OG INGENIØRVITSKAP



- > Studieprogrammet vert finansiert innanfor budsjetttramma til fakultetet, med bruk av ledige KD-finansierte studieplassar.
- ICT Engineering: Applied Computer Science and Engineering**
- > Vi har oppdaga ei forgløyming i handsaminga av akkrediteringssøknaden i Utdanningsutvalet.
- > Her skulle det engelske namnet også formelt ha blitt godkjent i vedtaket, jf presiseringa som har komme inn forskrift om studium og eksamen § 2.8 (3).
- > Vi ber om at styret kan vedta det engelske namnet som er foreslått til: *ICT Engineering: Applied Computer Science and Engineering*

NEDLEGGING AV STUDIEPROGRAMMET MASTER I SAMFUNNSARBEID

FAKULTET FOR HELSE- OG SOSIALVITSKAP

- › FHS søker om å få legge ned studieprogrammet Master i samfunnsarbeid frå 30.6.23
- › Plan om nedlegging av studiet har vore kjent og var ein del av arbeidet med å utvikle ny master i sosialvitskap
- › Fagmiljøet er godt teke i vare
- › Det har vore opptak til programmet annakvart år. Det var ikkje opptak til programmet i studieåret 2022-23
- › Studieplassar frå Master i samfunnsarbeid (10 heiltidsekvivalentar) er overført til Master i sosialvitskap



NEDLEGGING AV STUDIEPROGRAM OVER 60 SP

FAKULTET FOR LÆRARUTDANNING, KULTUR OG IDRETT

FLKI har over tid hatt prosessar knytt til endring av studieporteføljen.

- › Prosessane er både eit resultat av omorganiseringar knytt til fusjonen og endringar i nasjonale rammeplanar/ retningsliner
- › Som ein del av denne prosessen søker fakultetet om nedlegging av i alt 17 gradsutdanningar



NEDLEGGING AV STUDIEPROGRAM OVER 60 SP

FAKULTET FOR LÆRARUTDANNING, KULTUR OG IDRETT

1. Styret vedtek nedlegging av desse programma ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett frå 30.6.23:

- a) Bachelor i idrett, fysisk aktivitet og helse
- b) Bachelor i idrett og kroppsøving
- c) Bachelor i Community Music
- d) Master i barne- og ungdomslitteratur
- e) Master i musikkpedagogikk
- f) Master i dramapedagogikk og anvendt teater
- g) Master i kreative fag og læreprosessar
- h) Master i spesialpedagogikk
- i) Master i undervisningsvitenskap
- j) Master i læring og undervisning
- k) Master i samfunnsfagdidaktikk
- l) Master i fysisk aktivitet og kosthald i eit skulemiljø

2. Styret vedtek nedlegging av desse programma ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett frå 30.6.24:

- a) Faglærer i musikk (bachelor)
- b) Faglærer i kroppsøving og idrettsfag (bachelor)
- c) Master i IKT i læring

3. Styret vedtek nedlegging av desse programma ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett frå 31.12.25:

- a) Grunnskulelærarutdanning for 1.-7. trinn (4-årig)
- b) Grunnskulelærarutdanning for 5.-10. trinn (4-årig)

4. For alle studieprogram gjeld dei overgangsordningar som kjem fram av saksframlegg og vedlegg i saka

NEDLEGGING AV STUDIEPROGRAM OVER 60 SP FAKULTET FOR LÆRARUTDANNING, KULTUR OG IDRETT

- › Alle studieprogramma som fakultetet ønsker nedlagt, er i realiteten utfasa og erstatta med nye program som styret allereie har akkreditert/etablert i tidlegare saker.
- › Unntaket er **Master i fysisk aktivitet og kosthald i eit skulemiljø**. Fakultetet har gjort greie for prosess knytt til dette programmet, og det er ikkje er kome inn merknader til forslag om nedlegging i samband i ID-møte 12.09.22.
- › Fakultetet har gjort greie for vidare forvaltning av fagmiljø og korleis studentar skal ivaretakast i overgangsordningar.



Noe av det beste med å jobbe som lærer er at det gir deg rom til å bruke hele deg. Foto: Falkeblikk/HVL

Nedlegging av bachelor i ingeniørfag, HMS

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap

- > I styremøte 10.6.21 ga høgskulestyret utgreiingsløyve for nytt Bachelorprogram i HMS. Den påfølgande studieplankomiteén hadde som mål å levere akkrediteringssøknad hausten 2022.
- > Gjennom søknadsarbeidet kom det fram nye utfordringar, særleg med tanke på krava til fagmiljø, gitt i Studietilsynsforskrifta. Fakultetet peikar også på at låge opptakstal har gjort det vanskeleg å oppretthalde klassar og sikre forskrifta sine krav til læringsmiljø.
- > Dei 20 studieplassane fakultetet hadde set av til utdanninga, har dei seinare åra blitt fordelte på andre studietilbod. Frå komande studieår vil studieplassane settast av til Informasjonsteknologi ved campus Haugesund.

Kvalitets- og HMS-ingeniør

Bachelor

Tryggleiksstandardane i offshoreverksemdene i Nordsjøen har utvikla seg til å bli dei mest omfattande i verda. Som Kvalitets- og HMS-ingeniør bygger du opp og driftar styringssystem for kvalitet og HMS, slik at ein unngår uønska hendingar, enten det er kvalitetsforverring av produktet, utslepp til miljø, skadar på menneske eller brot på tryggleiken.

Studieprogrammet tek ikkje opp nye studentar i 2021 eller 2022.

Gjennom internkontrollar og risikoanalyser sørgjer kvalitets- og HMS-ingeniøren for å forbetre rutinar og praksis som påverkar helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassar.

HVL er den einaste høgskulen i landet som tilbyr denne utdanninga, og kompetansen din er etterspurt i både privat og offentlig sektor.

Plassert på Vestlandet ligg vi midt i hjarta av næringa som jobbar mot olje- og

Haugesund

3 år

180 studiepoeng

Heiltid

Nedlegging av bachelor i ingeniørfag, HMS

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap

- › Det er fire studentar att på den eksisterande utdanninga. Dei går sitt siste studieår og kan fullføre på normert tid. Forskrift om studium og eksamen ved HVL sikrar studentane å få fullført.
- › I prosessen med nedleggingssøknaden har fakultetet ivaretatt dei involverte fagtilsette gjennom informasjonsmøte med fakultetsleiinga, skriftleg notat til fagmiljøet, innspelsrunde for fagmiljøet og sak i ID-møte.
- › Det er ikkje planlagt oppseiingar i det råka fagmiljøet, men som hovudregel vil stillingar i framtida ikkje bli erstatta.



UTREDNINGSTILLATELSE FOR FELLES MASTERPROGRAM

THEATRE AND DRAMA IN EDUCATIONAL, SOCIAL AND COMMUNITY SITES



Prosjektet går ut på å utvikle det første europeiske felles masterprogrammet innan fagområdet anvendt teater og drama

Samarbeid mellom

- ✓ Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett ved HVL
- ✓ Birmingham City University i England
- ✓ Braunschweig University of Art i Tyskland
- ✓ Károli University i Ungarn

Utredningstillatelsen er gyldig til 31.12.24.

Styret forutsetter at finansiering av utvikling og drift av mastergradsprogrammet blir gjort med bevilgning fra Erasmus Mundus, og at øvrige kostnader som HVL er ansvarlig for blir dekket innenfor FLKI sin budsjettamme.

UTREDNINGSTILLATELSE FOR FELLES MASTERPROGRAM

THEATRE AND DRAMA IN EDUCATIONAL, SOCIAL AND COMMUNITY SITES

- › Utgreiingsmidlar frå Erasmus Mundus Design Measures
- › Planlegg å søke om Erasmus Mundus Joint Master våren 2024
- › Planlagt oppstart av programmet er august 2025
- › Mastergradsprogrammet skal være 2-årig, ha eit omfang på 120 sp og undervisning på campus.
- › FLKI skal tilby 30 sp i programmet.
- › Studentane er første semester ved campus Bergen, deretter Birmingham og Braunschweig, før siste semester i Budapest.
- › Det er førebels planlagt 20 studieplassar totalt i programmet.



SØKNAD OM UTGREIINGSLØYVE MASTER I MEDISINSK LABORORIETEKNOLOGI



Foto: Mauricio Pavez, HVL

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap

- › Planlagt oppstart hausten 2024
- › Tilbod til søkararar med bachelor og autorisasjon som bioingeniør
- › Undervisninga på emna skal vere nett- og samlingsbasert, med ei veke fysisk samling ved campus Bergen i semesteret.
- › Fulltidsstudium

Styret føreset at studieprogrammet blir finansiert ved omdisponering av studieplassar som omtalt i søknaden om utgreiingsløyve.

SØKNAD OM UTGREIINGSLØYVE MASTER I IDRETTSFYSIOTERAPI

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

- › Planlagt oppstart hausten 2024
- › Campus- og samlingsbasert heiltidsstudium over to år
- › Studentane vil få opptak ved campus Bergen, der det vil vere tre to-vekers samlingar per semester
- › Det er ønskeleg å rekruttere både nasjonalt og internasjonalt til masterprogrammet, og undervisninga vil vere på engelsk om ein får engelskspråklege studentar.
- › Styret føreset at dekanen har ein plan for finansiering av utvikling og drift av studietilbodet før det vidare utviklingsarbeidet startar opp.



Foto: HVL/Falkeblikk

FORLENGA SENSURFRIST - NASJONAL DELEKSAMEN I ANATOMI, FYSIOLOGI OG BIOKJEMI

- › Torsdag 15. desember er det nasjonal deleksamen i anatomi, fysiologi og biokjemi for landets bachelorutdanninger i sjukepleie
- › Nasjonalt sensorkorps i regi av NOKUT
- › NOKUT ber i e-post av 27. september den enkelte institusjon om å forlenge sensurfristen til 12. januar. Ordinær sensurfrist ville vore 5. januar.



Foto: Marthe Berg-Olsen/HVL

Sykepleie

Bachelor

Sykepleieryrket er spennende, utfordrende og allsidig. Du må ikke å ha omsorg for mennesker, være selvstendig og i stand til å ta ledelse!

FORLENGA SENSORFRIST - NASJONAL DELEKSAMEN I RETTSANVENDELSE FOR BARNEVERN FAGLIGE MASTERE

- › Onsdag 7. desember er det nasjonal deleksamen i rettsanvendelse for barnevernfaglege masterutdanningar
- › NOKUT ynskjer å ha eit møte for alle sensorane for å gå gjennom sensorrettleiing, karaktergrenser og sikre kalibrering, og dei ser at det vil være krevjande å overhalde ein sensurfrist på tre veker over julehøgtida.
- › NOKUT ber om forlenga sensurfrist til 6. januar. Ordinær sensurfrist ville vore 28. desember.



FORLENGA SENSURFRIST - NASJONAL DELEKSAMEN I MATEMATIKK

- › Styret blir bedt om å vedta forlenge sensurfrist for nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskulelærerutdanninga.
- › Eksamen er 30. november 2022.
- › På grunn av omfattande nasjonal koordinering og administrasjon i etterkant av eksamen vil det bli mindre tid til sensur og ordinær sensurfrist blir ikkje muleg å overhalde.
- › Søkjer om forlenging til 4. januar klokken 12.



UTVIDA SENSURFRIST - KAS500 AVANSERT ALLMENNSJUKEPLEIE TIL PASIENTAR MED AKUTTE OG KRITISKE HELSEPROBLEM

- › Masterprogrammet Klinisk avansert allmennsjukepleie vart tilbudd for fyrste gong hausten 2021. KAS500 er fyrste emne på studiet.
- › Eksamen vert levert 9. desember 2022 og ordinær sensurfrist vert då 30. desember 2022.
- › Det har ikkje vore mogleg for utdanninga å finne kvalifiserte sensorar som har høve til å gjennomføre sensur innan denne fristen, og dei søker difor om utvida sensurfrist.
- › Søkjer om forlenging til 13. januar 2023 kl 12.




Foto: Shutterstock

Avansert klinisk allmennsykepleie

Master

Som spesialist i allmennsykepleie får du kompetanse for framtiden: helse- og omsorgstjenester.

Hvorfor studere avansert klinisk allmennsykepleie?

Som spesialist i allmennsykepleie vil du ha en sentral rolle i framtidens helsevesen. Du bidrar til helhetlige pasientforløp, trygge tjenester, innovasjon, forbedringsarbeid og brukerinvolvering. Du styrker kvaliteten i de kommunale helse- og omsorgstjenestene, og samhandlingen med og om den enkelte pasient og bruker.

[Arbeidsgiveren din kan søke lønnstilskudd fra Helsedirektoratet](#) (Ordningen vil bli videreført i 2022).